



Sak: Tilsyn med kommunal beredskapsplikt

Vår dato: 06.12.2019

Vår ref.: 2019/13612 350

Fitjar kommune  
Postboks 83  
5418 FITJAR  
Kommunenr. 1222

Tilsynsleiar: Haavard Stensvand, fylkesberedskapssjef

Endeleg tilsynsrapport

## Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt

### Innleiing

Fylkesmannen gjennomførte 29.10.2019 tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Fitjar kommune.

### Heimel, føremål og avgrensingar

Tilsynet vart gjennomført med heimel i [§ 29 i lov av 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret \(sivilbeskyttelseslova\)](#) og [§ 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt av 22. august 2011](#).

Føremålet var å kontrollere om kommunen etterlever krav i lov og forskrift om oppfølging av kommunal beredskapsplikt, jf. §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynsrapporten omhandlar dei avvik og forbedringspunkt som vart avdekte under tilsynet. Den gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen gjer på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Den er såleis heller ikkje ei evaluering av evna som kommunen har til å handtere uønskete hendingar.

### Hovudintrykk

Fitjar kommune viste god forståing for temaa som vart tatt opp under tilsynet. Kommuneleiinga er oppteken av samfunnstryggleik og beredskap, og er medviten si rolle. Dei legg vekt på å samarbeide med andre kommunar og andre relevante aktørar i dette arbeidet.

Kommunen har sett i gang fleire tiltak for å forbetre og utvikle samfunnstryggleiksarbeidet. Eit av desse er «*Beredskapsveka*», der fleire av kommunens tilsette samlast og har ein gjennomgang av arbeidet til kommuneleiinga og i tenestoområda/sectorane. Kommunen har òg gjennomført nokre øvingar i eigen regi. Erfaringar frå desse har igjen vorte følgd opp gjennom å forbetre det førebyggjande samfunnstryggleiksarbeidet.

Kommunen har eit beredskapsplanverk, men nokre dokument manglar eller er utdatert. Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er frå 2014. Det er gjort ein del tiltak for å følgje opp funna i analysen, men dette er ikkje reflektert og dokumentert i styrande planverk og styringsdokument.



Kommunen skal vedta ny planstrategi i løpet av 2020, og revisjon av heilskapleg ROS-analyse vil vere tema i denne.

Fitjar kommune tilfredsstillar ikkje alle krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt, fordi det er manglar ved det heilskaplege og systematiske samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, risiko- og sårbarheitsanalysen er utdatert og det manglar dokumentasjon på system for opplæring.

## Deltakarar

Haavard Stensvand, Lene Stavseng og Alfa S. Winge representerte Fylkesmannen.

Kommuneleiinga i Fitjar kommune var med under tilsynet.

Desse vart intervjuja individuelt:

- Harald Rydland (ordførar)
- Olaug Haugen (rådmann/beredskapskontakt)

I tillegg til dei ovannemnte, var følgjande med på opningsmøte, fellesintervju og sluttmøte:

- Svein Dale Soleng, assisterande rådmann
- Anne Økland, kommunalsjef helse- og sosialsjef
- John Karsten Raunholm, etatssjef oppvekst og kultur
- Tore Nesbø, brannsjef
- Randi Karin Habbestad, teknisk sjef
- Stian Torland, IKT-leiar (til stades delar av dagen)

## Definisjonar

**Avvik:** Brot på etterleving av krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt og forskrifta til denne.

**Merknad:** Funn som Fylkesmannen meiner det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av beredskapsplikta.

## Resultat

**Avvik:**

Følgjande avvik vart avdekt under tilsynet:

### Avvik nr. 1

Kravet til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2 og 6, er ikkje tilfredsstilt.



Kommunen har ein heilskapleg ROS-analyse som sist vart revidert i 2014. ROS-analysen skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplanar og ved endringar i risiko- og sårbarheitsbiletet, jf. § 6 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

ROS-analysen manglar omtale av enkelte relevante risiko- og sårbarheitsfaktorar, og er for lite spesifikk i kartlegginga og vurderingane av kva konkrete konsekvensar uønskete hendingar kan gi for kommunen, jf. § 2 forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Analysen omtalar og vurderer i for liten grad utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur. Skildringa av korleis uønskete hendingar påverkar evna som kommunen har til å oppretthalde leveranse av kritiske tenester for innbyggjarane under ulike typar påkjenningar, er knapp. Det er òg for lite omtalt kva følgjer uønskete hendingar kan få for kommunen (særleg kva som vert oppgåvene til kommuneleiinga i tilfelle der kommunen ikkje er den primære aktøren i handteringa). Det er i for liten grad spesifisert kva tiltak som kan verte aktuelle å setje i verk.

Kommunen nyttar eit SMS-basert system for varsling, men i analysen er det i liten grad vurdert kva trong det kan vere for å varsle og evakuere befolkninga under ulike uønskete hendingar.

#### Avvik nr. 2

Kravet til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 3 og 9, er ikkje tilfredsstilt.

Kommunen har ikkje sett langsiktige mål for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, eller laga ein plan for oppfølginga.

#### Avvik nr. 3

Krav til opplæring, jf. §§ 7 og 9 i forskrift om kommunal beredskapsplikt, er ikkje tilfredsstilt.

Kommunen manglar eit system for opplæring som sikrar at alle som er tiltenkt ei rolle i krisehandteringa har tilstrekkelege kvalifikasjonar.

### **Merknad:**

Følgjande forbetningspunkt vart avdekt under tilsynet:

#### Merknad nr. 1

I planen for krisekommunikasjon bør det gå fram at informasjon under uønskete hendingar òg må nå fram til dei med anna morsmål enn norsk.

#### Merknad nr. 2

Kommunen har eit SMS-system for varsling av innbyggjarane, men den gjeldande beredskapsplanen omtalar i liten grad korleis det kan brukast som befolkningsvarsling under kriser og uønskete hendingar. Vi tilrår at dette vert nedfelt skriftleg.



## Dokumentasjon

Følgande skriftlege dokument er nytta som grunnlag for tilsynet:

- Kommunal planstrategi – Fitjar kommune 2016-2019
- Kommuneplan langsiktig del - 1998-2009 – gjeldande plan
- Kommuneplanen sin samfunnsdel – 2020-2040 – Planprogram (høyringsutkast) KS sak 12/19, 24.04.2019
- Heilskapleg ROS-analyse for Fitjar kommune 2014, felles analyse saman med Stord kommune
- Beredskapsplan Fitjar kommune, vedteken Fitjar formannskap 5.11.14, versjon 3 - revidert 2017, oppdatert januar 2019
- Innkalling av kriseleiinga – rutine, versjon 4, 10.01.19
- Beredskapsplan – Øvrebygda skule. Eksempel på beredskapsplan frå skulesektoren i Fitjar.
- Branninstruks – Øvrebygda skule
- Beredskapsplan - Fitjarstølane barnehage. Eksempel på beredskapsplan for kommunal barnehage i Fitjar.
- Branninstruks – Fitjarstølane barnehage.
- Beredskapsnivå - Teknisk VAR
- Dokumentasjon til fylkesmannen sitt varsla tilsyn med beredskap i Fitjar kommune. Beredskapsveka - Rutinebeskrivelse
- Plan for mottaksenter for evakuerte og pårørende Fitjar kultur- og idrettsbygg, vedteken av rådmannen 18.01.2017
- Risiko- og sårbarhetsanalyse Brann- og ulykkesrisiko Versjon J04 2016-11-25

I tillegg gjorde kommunen desse dokumenta tilgjengeleg for Fylkesmannen utan at dei vart brukt som grunnlag for tilsynet:

- Administrasjonsnivå - Teknisk VAR – Beredskapsplan
- Akutte situasjonar Øvrebygda skule – eksempel på handlingsplan
- Atomberedskapsplan
- Plan for helsemessig og sosial beredskap 2006-2010, KS 21.06.2006
- Psykososial krisegruppe
- Smittevernplan for Fitjar kommune 2016. (Smittevernplan er under revisjon i 2019)
- Beredskap for vassforsyning
- Lokal beredskapsplan NAV
- Handlingsplan mot vald og trugsmål
- Telefonliste - beredskapsplan - teknisk VAR
- ROS analyser av vannverk i Fitjar kommune 2016
- Fitjar ROS-Vassverk 2016 endeleg versjon
- Generelt - Beredskapsplan – vassforsyninga
- Rimbareid vassbehandlingsanlegg - Om anlegget
- Rutine brann – vassbehandlingsanlegg
- Rutine brot på vassleidning
- Rutine lekkasje av kjemikalie i behandlingsanlegget
- Tilbakemelding om oppfylt vedtak (utførte tiltak)
- Kommuneplan – kart
- Kommuneplan Fitjar kommune - arealdelen